

# Årsplan 2023/2024

Espira Ullevatnet barnehage

## **Innhaldsliste**

Vi er ein Espira-barnehage .....	2
Kva er ein årsplan .....	3
Barnehagen sine fagområde .....	3
Barnehagen sitt verdigrunnlag .....	4
Barnehagen sitt formål og innhald.....	4
Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg .....	4
Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik .....	7
Barnehagen skal fremme læring .....	8
Barnehagen skal fremme danning .....	11
Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap .....	12
Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk .....	15
Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø .....	16
Barn sin medverknad.....	18
Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad.....	19
Tilvenning av nye barn .....	20
Samarbeid og samanheng med skulen.....	21
Espira sine satsingsområde .....	23
Lokale satsingar .....	23
Vurderingsarbeid.....	24
Kontaktinformasjon.....	25

## **Vi er ein Espira-barnehage**

Espira består av om lag 100 barnehagar frå Lindesnes i sør til Levanger i nord. I Espira har vi eit mangfald av barnehagar med lokale tradisjonar og tett tilknyting til nærmiljøet. Vi har også noko som er felles for alle barnehagane. Vi har blant anna eit felles barnesyn, felles satsingsområde og felles metodikk for kvalitetsvurdering og utvikling av den pedagogiske praksisen.

Årsplanen er bygd på barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Les om Espira sin faglege profil her:

[www.espira.no](http://www.espira.no)

<https://espira.no/barnehage/espira-ulvenvatnet/>

Les fakta om barnehagen her:

<https://www.barnehagefakta.no/barnehage/994048686/espira-ulvenvatnet-barnehage>

## **Kva er ein årsplan**

I rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanen sitt formål og innhald, og barnehageeigaren sine lokale tilpassingar til pedagogisk praksis. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar.

Basert på årsplanen utarbeidar barnehagen planar for korte og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper etter behov. Desse planane vert publisert på vår digitale kommunikasjonsplattform, Spireportalen.

## **Barnehagen sine fagområder**

I rammeplanen er det definert sju fagområde som barn skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda skal ein sjå i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Fagområda tilsvara i stor grad dei faga barna seinare vil møte i skulen.

Arbeid etter fagområda vert synleggjort i barnehagen sine periodeplanar og vekeplanar, i Spireportalen.

sol ute  
sol inne



## Barnehagen sitt verdigrunnlag

I følgje rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgående i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte nokre områder som skal prege barnehagen sitt arbeid gjennomgående.

Desse er: demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal ligge til grunn for alt arbeid i barnehagen.

## Barnehagen sitt formål og innhold

Ifølgje rammeplanen skal barnehagen sitt innhold vere variert og allsidig og tilpassast enkeltbarn og barnegruppa. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjons og språk skal sjåast i samanheng og bidra til allsidig utvikling. Rammeplanen har mål for personalet sitt arbeid innan desse fagområda. Vi arbeidar kvar dag mot desse måla.

I Espira arbeider vi systematisk med å heve kvaliteten på den pedagogiske praksisen. Vi har konkretisert rammeplanen sine mål om omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap, kommunikasjon og språk og eit trygt og godt psykososialt miljø til kjenneteikn på kvalitet på den pedagogiske praksisen. Desse vert synleggjort i årsplanen vår.

## **Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg**

<b>Kva</b>	
I vår barnehage anerkjenner vi barna sine kjensler.	Det skal vere rom for barna sine ulike kjensler, og vi skal i like stor grad vere saman med barnet i deira sinte eller triste kjensler som dei "gode".
Vi legg til rette for at ein gir barna moglekeit for ro og kvile i løpet av barnehagedagen.	Når barn har behov for ro og kvile skal dei få moglegheit til å ta ein pause, la tankane flyte, kunne trekke seg tilbake og søke ro, kvile og avslapping gjennom barnehagedagen.
I vår barnehage er måltida prega av trivsel og god stemning.	Måltidet skal vere ein sosial arena som gir gode mogleheter for å skape gruppetilhøyring og trivsel, og vi skal fungere som gode rollemodellar, samtalepartnarar og støttespelarar under måltidet.
I vår barnehage møter vi barna med positive haldningar.	Vi skal ha eit Barnesyn der vi ser på alle barn som unike og likeverdige individ. Vi skal vere støttande, vennlege og varme.

<b>Kvifor</b>	
Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å verte sette, forstått, respektert og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet og mellom barna, som gir grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar.	

## Korleis

Slik jobbar vi med å ivareta barna sitt behov for omsorg:

- Vi jobbar kontinuerleg med relasjonar barn/vaksen- barn/barn
- Er på golvet, tett på barnet, viser nysgjerrigkeit
- Støttar i leik, overgangar og alle daglege situasjonar.
- Byr på oss sjølv, og visar interesse for barnet og familien deira.
- Tar ansvar for å bygge relasjon til barn og foreldre.

Vi jobbar med relasjonar og sikrar at alle barn blir sett ved å:

- Dele barna i små grupper
- Primærkontakt som observerer trivsel, vennskap og utvikling
- Dei vaksne byr på seg sjølv.
- Høyre på kva barnet har å sei/uttrykker
- Møte barnet der det er kjenslemessig. Bekrefte alle følelsene barnet har, ikkje avleie.



## **Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik**

<b>Kva</b>	
Vi legg til rette for pedagogiske miljø som inspirerer til leik.	I vår barnehage skal det vere gode pedagogiske miljø som inspirerer til leik. Barna skal få mange leikeidear og lyst til å leike.
I vår barnehage observerer vi barna sin leik.	Vi skal vere "skrudd på" og "til stades" slik at vi kan gå inn og støtte barna ved behov. Vi skal ha auge for barna sin leik, relasjoner og det som skjer mellom barna.
I vår barnehage tilfører vi leiken begeistring og glede.	Vi skal legge til rette for spennande erfaringar og opplevingar. Vi skal glede oss saman med barna, bruke humor, varme og latter.
I vår barnehage får leiken god plass i dagsrytmen.	Korleis vi organiserer barnehagekvarldagen påverkar for kva plass vi gir leiken.

<b>Kvifor</b>	
Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og ein skal anerkjenne leiken sin eigenverdi. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre.	

<b>Korleis</b>	
<p>Slik jobbar vi med å vareta barna sitt behov for leik:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vi tilbyr eit variert leikemiljø med fleirbruksmateriale som lar barna utforske og vere kreative i leiken. Vi tilbyr ting å leike med, ikkje nødvendigvis leikar. Det fremjar kreativitet og vennskap.</li><li>• Den voksne skal skape inspirerande miljø for barna der dei får støtte til å videreutvikle leikekompetansen sin.</li><li>• Klossar, kassar, plankar, stoff og gymmatter blir satt saman på ulike måtar av barna og blir til konstruksjonsleik og rolleleik, i form av til dømes legekontor, sjørøvarar, bilbane og ein stad for ro og kvile.</li><li>• Vi deler barnegruppa i mindre leikegrupper, etter alder, utviklingsnivå og interesser, og på tvers av avdelingane.</li></ul>	

- Vi legg til rette for å fange opp uheldige samspelsmønster og har fokus på sosial coaching med beskrivande kommentarar i leik og samspel med barna.
- Vi bruker tiltaksplanar som førebygging, eller dersom vi opplev uheldige samspelsmønster hos barna.
- Alle avdelingar lagar eigne mål for korleis ein skal jobbe med leiken på si avdeling og utformar tiltak for korleis ein skal jobbe mot dette målet.
- Tiltaka skal omfatte vaksenrolla i leiken og tilrettelegging av det fysiske miljøet. Slik sikrar vi at barna får oppleve aktive vaksne og vaksne som er til stade i leiken.

Blir evaluert: 1 gong per månad på avdelingsmøte.



## Barnehagen skal fremme læring

Kva	
Vi legg til rette for eit pedagogisk miljø som inspirerer barna til nysgjerrigkeit og utforskning.	Barna lærer mest og best når dei kan utforske og verte nysgjerrige. Dei pedagogiske miljøa skal utvide barna sine erfaringar og skape moglegheit for progresjon.
Vi fordeler merksemda godt blant barna.	Vi skal fordele merksemda godt blant barna og vere medvitne på at alle barn skal verte sett og hørt som enkeltbarn og i heile gruppa.
Vi dokumenterer barna sin læringsprosess i det pedagogiske miljøet.	Dokumentasjon synleggjer barna sine aktivitetar, kva barna er opptekne av og kva tema vi jobbar med. Dokumentasjonen skal vere synleg for barna og for andre.
I vår barnehage utfordrar vi barna si tenking.	Å utfordre barna si tenking handlar både om å ta barna sine tankar og meiningar på alvor, samtidig utvide og ta dei vidare. Vi skal vise barna at vi er interessert i kva og korleis dei tenker.

Kvifor	
I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiell og reiskap som bidreg til meiningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggast til grunn for læringsprosessane deira. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektivet og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessen. Barnehagen skal bidra til eit læringsfellesskap der barna skal få bidra i eigen og andre sin læringsprosess.	

Korleis	
Slik jobbar vi med å ivareta barna sitt behov for læring:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vere undrande og nysgjerrige saman med barna og stille opne spørsmål som fører til nye tankar.</li><li>• Vi jobbar med læring når vi øver på sjølvstendigkeit. Ved å bruke kvardagsituasjonar i arbeidet med dette, lærer barna korleis dei kan meistre dei kvardagslege utfordringane. Til dømes påkledning, smøre si eiga skive, helle vatn i kopp, vente på tur, sende mat til kvarandre osv</li></ul>

- Vi anerkjenn barna si interesse ved å lage prosjekt som spinn vidare på noko barna er opptekne av/interesserte i. Når vi lagar prosjekt av barnas interesser, vil dei få eit større eigarskap i læringsprosessen.
- Vi tar med barna på daglege gjemål som til dømes vedlikehald på uteområdet (plukke boss, koste) gjenvinning, ta imot varelevering, arbeide med kjøkkenhagen vår, der barna får vere med på klargjering, og innhausting av grønsaker.
- Mange av dei tilsette har vore på kurs med forskarfabrikken, dette gjer at vi har gode verktøy for å skape gode læringsprosessar saman med barna.
- Ved å introdusere barn for realfag i barnehagen stimulerer ein barna sin interesse for realfag. På denne måten kan barnehagen bidra til å motivere barna si læring vidare i utdanningsløpet, og legge grunnlaget for at barn kan meistre liva sine og delta i framtidig arbeid og fellesskap i samfunnet.



## **Barnehagen skal fremme danning**

<b>Kva</b>	
I vår barnehage møter vi barna med det dei er oppteken av.	Vi skal vere interessert i kva barna er opptekne av, og ta oss tid til å undersøke og fange interessene deira. Vi skal vere nysgjerrige på korleis verda ser ut frå deira ståstad, vere lydhøre og vise barna at meiningsane deira og opplevingane har tyding.
I vår barnehage støttar vi relasjonar mellom barn.	Vi skal vere til stades i leiken og samspelet, og skape eit barnehagemiljø der alle er med i eit inkluderande fellesskap.
I vår barnehage støttar vi barna i å utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.	Barna skal oppleve å vere gode nok slik dei er, ha tru på eigne evner og eigenskapar, og utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.
Vi legg til rette for at aktivitetar i barnehagen er meiningsfulle for barna.	Vi skal finne ut kva barna er opptekne av og legge til rette for at barna opplever at aktivitetane er meiningsfulle.

<b>Kvífor</b>	
	<p>Barnehagen skal støtte barna i å forhalda seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.</p> <p>Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barna si tilhøyring til samfunnet, naturen og kultur.</p> <p>I barnehagen skal barna få delta i slutionsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.</p>

## Korleis

Slik jobbar vi med å fremme danning:

- Dei vaksne skal gje barna ein god sjølvkjensle, la dei føle seg som ein viktig del av fellesskapet. Dei skal lytte til alle innspel frå barna, legge merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar. Ingen forslag er därlege.
- Dele barnegruppa i mindre grupper, slik at barna får moglegheit og tryggleik til å ytre seg. Få fortelje om egne opplevingar, kjensler, tankar, filosofere saman med dei vaksne - "kvifor er det sånn?", ha fokus på å forske, fundere, og finne ut av ting saman.
- Danningsprosessen er kontinuerleg, derfor ønsker vi at barn også i konfliktfylte situasjonar skal oppleve meistring. Vaksne skal vere nær og støttande i konfliktsituasjonar, men skal ikkje alltid løyse dei for barna.
- Ha fokus på mangfold ved FN- markering.

Gjensidig samhandling med barn og vaksne i leik og læring er ein forutsetning for barnets danning. Vaksne er rollemodellar i alt dei gjer. Danning handlar om å utvikle kunnskap, verdiar og haldningar saman.



## **Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap**

<b>Kva</b>	
I vår barnehage er det ei blanding av organisering i større og mindre grupper.	I mindre grupper leikar ofte barna godt og vi vert meir sensitive for barna sine behov.
Vi hjelper barn som har behov for støtte i leik.	Vi har ansvar for at alle barn er inkludert i leik og at ingen barn fell utanfor leikefellesskapet.
I vår barnehage snakkar vi med barna om vennskap og fellesskap.	Vi skal støtte barna i utviklinga av sosial kompetanse og saman med barna sette ord på både godt og vanskeleg samspele. Vi skal sørge for at negative samspelemonster ikkje festar seg.
I vår barnehage inviterer leiker og materiell til felles leik og samspele.	Det skal vere nok leiker og materiell til at mange kan leike saman, utvalet skal vere variert og inspirere barna til å leike.

<b>Kvifor</b>	
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskap og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspele. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å ha verdi for fellesskapet og å vere i positivt samspele med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna sin sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelpe til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.	



## Korleis

Slik jobbar vi med å fremme vennskap og fellesskap:

Vi jobbar med eit gjennomgåande tema "*Gleding*" heile året som handlar om å sjå verdien i kvart enkelt individ og bygge et samfunn der alle høyrar til. Denne måten å jobbe på er med på å forebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utesetjing, mobbing, krenkelsar og uheldige samspelsmønstre. Vi er innom ulike tema gjennom året;

- Sjølvfølelse og sjølvgleding*
- Anerkjenning*
- Meistring og feiling*
- Gleding og glede*
- Tilhøyrsel*
- Eg heiar på deg.*
- Leik*
- Nysgjerrigkeit og gode samtalar*
- Empati og vennskap*
- Kjensler*
- Takk nemlegheit*
- Ta ansvar og vere ein forskjell.*

- Ved å legge til rette for variert leik som blant anna formingsaktiviteter og fysiske aktiviteter sånn at barna opplev meistring på alle arenaer. Ha fokus på barnas sterke sider, deira interesse og moglegheit i leik.
- Støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire synspunkt og hjelpe dei til å forstå og reflektere over eigne og andre sine kjensler og meiningar.
- Ved å bruke observasjon som metode for å sjå og vidareutvikle barnas leikekompetanse. Barna skal få lære og oppleve å få vennskap med andre barn, ved at vaksne støttar og rettleiar barnet.



## **Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk**

<b>Kva</b>	
Vi forsterkar vår kommunikasjon med kroppsspråk og konkretar etter behov.	Vi skal vere reflekterte og medvitne på kroppsspråk, kva ord og setningar vi bruker i samtalar med barna, og bruke konkretar etter behov.
Vi brukar språket aktivt som støtte i leik og aktivitetar.	Vi skal bruke språket aktivt og støtte barna si språkutvikling i alle leikar og aktivitetar i kvardagen.
I vår barnehage sørger vi for at alle barn får moglegheit til å delta i samtalar.	Vi skal medvitent invitere barna inn i samtalar sjølv om dei ikkje ber om å vere med sjølv.
I vår barnehage leiker vi med språk, for eksempel gjennom regler, rim, ordleik og fortellingar.	I eit godt språkmiljø inngår språkleik og vi skal vere språkleg medvitne når vi er saman med barna.

<b>Kvifor</b>	
	Barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barn si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna verte støtta i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

<b>Korleis</b>	
	<p>Slik jobbar vi med å fremme kommunikasjon og språk:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Anerkjenne barns ulike kommunikasjonsmetoder, både andletsuttrykk, kroppsspråk, åtferd. Barnet prøver alltid å samarbeide med sine omgivnader og ønsker å gjere seg forstått, vi må tone oss inn på kvart enkelt barn og lese deira språk.</li><li>• Involvere alle barn i samtaler i kvardagssituasjonar, sikre at alle barna får uttrykke seg</li><li>• Dele i små grupper sånn at vi oppdagar barn som trenger ekstra støtte og hjelp i sin kommunikasjonsutvikling.</li></ul>

- Jobbe strukturert med språkstøtte ved hjelp av benevning gjennom heile dagen, språkgrupper, verktøy som f.eks: babblarna, lesegrupper og mykje meir.
- Bade barna i språk, spesielt dei minste utan språk.
- Vere bevisst vår rolle som kommunikasjonsforbilder. Både gjennom vårt verbale språk, kroppsspråk og mimikk.

## **Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø**

Kva	
I vår barnehage skal alle barn ha det trygt og godt.	Vi skal førebygge tilfelle der barn ikkje har det trygt og godt ved å kontinuerleg arbeide for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.
I vår barnehage følger vi med på korleis alle barn i barnehagen har det.	I tilfelle der vi får kjennskap til, eller mistanke om, at eit eller fleire barn ikkje har det trygt og godt, skal vi undersøke saka og finne eigna tiltak.
I vår barnehage skal barnehagedagen vere noko barna ser fram til.	Vi skal sørge for at det er ein kultur som verdset og anerkjenner mangfaldet i barnehagen. Alle barn skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap der dei er viktige og verte møtt med respekt, medkjensle og tryggleik.

Kvifor	
Eit trygt og godt barnehagemiljø inneberer at alle barn skal oppleve at dei er inkludert i barnehagegruppa, opplever å vere viktige for fellesskapet, og at det å gå i barnehagen er ei positiv oppleveling som dei ser fram til.	
I barnehagelova står det at alle barn har rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Om eit barn, foreldra eller barnehagen mistenker, eller har kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje trivast i barnehagen, har barnehagen aktivitetsplikt. Det inneberer at barnehagen skal undersøke saka og lage ein plan med tiltak om saka krev det. Foreldre og barn skal verte involvert og medverke i prosessen.	

## Korleis

Slik arbeider vi for å fremme trygge og gode psykososiale barnehagemiljø:

Den kanskje aller viktigaste innsatsen for å motvirke mobbing, er det generelle arbeidet med å skape et godt og trygt miljø. Mobbing kan forebyggast ved at kompetente vaksne legger til rette for utvikling av gode sosiale ferdigheter, og skaper et aksepterande miljø med et godt og opent foreldresamarbeid. Barnehagen må ha en tydeleg haldning til at mobbing ikke er akseptabel åtferd, det vil si NULL TOLERANSE for mobbing.

Gjennom tidleg og systematisk styrking av barns sosiale kompetanse får barn viktig kunnskap om seg sjølv, korleis de knyt kontaktar på en positiv måte og korleis de skal forhalda seg til andre. For å kunne gi barnet gode og nødvendige kunnskapar og ferdigheter i sosial kompetanse, er barnehagen avhengig av å ha modne, kompetente vaksne. Det vil si vaksne som er trygge på seg sjølv, bevisste på egne kvalitetar, og som sjølv er sosial kompetente. De vaksne som arbeider med barn må i tillegg ha gode kunnskapar om barns utvikling og kva en sjølv må gjere for å hjelpe og støtte barn i den utviklinga.

Hele personalet:

- Ansvar for at barnehaggruppene får opplæring i sosial kompetanse
- Jobbe for NULLTOLERANSE mot mobbing
- Være observante vaksne - informasjon til medarbeidarane.
- Systematisk observasjon av barna i det daglege.
- Ha gode rutinar på avdelinga
- Være bevisste vaksne i forhold til temaet sosial kompetanse og mobbing
- Legge til rette for LEK og sikre oss at alle barn leker.
- Jobbe med betingelsene for lek, for eksempel fysisk tilrettelegging, vennskap, inspirasjon
- Bruke primærkontaktsystemet hele barnehageåret
- Gjennomføre Barnesamtaler med dem de er primærkontakt for
- Knytte tema «Vennskap» inn i planane gjennom heile året
- Jobbe med konfliktløysing med barna
- SE barna – de skal føle at de blir sett og høyrt
- Være TYDELIGE og konsekvente vaksne
- Jobbe i forhold til både mobbar og offer
- Ha fokus på LØSNING
- Informere vikarar → ta ansvar og ikkje være redde for å gripe inn

Tema om psykososialt barnehagemiljø skal være tema på foreldremøte og på møter for personalet gjennom heile året

**DET DU TROR OM MEG....  
SLIK DU ER MOT MEG....  
HVORDAN DU SER PÅ MEG...  
HVA DU GJØR MOT MEG...  
.....SLIK BLIR JEG !**

## Barn sin medverknad

### Kva

Vi skal vareta barna sin rett til medverknad i barnehagekvardagen.

### Kvifor

Barnehagen skal vareta barna sin rett til medverknad. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare å få innflyting på det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere medvitne på barna sine ulike uttrykksformer og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barnet sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov.

### Korleis

Slik legg vi til rette for barn sin medverknad:

- Jamlege barnesamtalar, for å høyre kva barna leiker med, kva dei trivast med, kva dei vil ha meir av og korleis dei har det i barnehagen og heime.
- Inkludere barna i alle prosesser og tema vi jobbar med, barnas utbytte skal inn som vurderingskriterier i alt vi gjer.
- Leiker skal vere framme og tilgjengeleg så dei får oversikt over kva dei kan velgje.
- Barna er med på å bestemme turmål, meny, fokus på temaarbeid og mykje meir.



## **Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad**

### **Kva**

Vi skal vareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra. Vi skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

### **Kvifor**

Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må forhaldas seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

### **Korleis**

Slik arbeider vi for å fremje eit godt foreldresamarbeid mellom heimen og barnehagen:

Den daglege dialogen er vår absolutt viktigaste arena. Korleis vi møta foreldra ved levering og henting. Vi legg stor vekt på ei open og ærleg kommunikasjon kor foreldre skal føle at dei trygt kan ta opp kva det skal være. Tillit, openheit, respekt og forståing er kjerneelementer i dette arbeidet.

Av dei meir strukturerte arenaene har vi:

- Foreldremøte før sommaren for nye foreldre som skal starte i august
- Primærkontakt; Ein fast person som er tett på foreldra og har eit ekstra øye på deira barn.
- Oppstartssamtale
- Foreldresamtale; 1 gang i året obligatorisk, og 1 valfri
- Foreldremøte kvart haust
- Foreldrekafe
- Moglegheit for samtale når som helst foreldra ønsker det, i forhold til søvn, grensar, søskensjalusi og liknande tema
- SU og FAU, som vi samarbeider godt med.

## Tilvenning av nye barn

### Kva

Ei god og trygg tilvenning legg grunnlag for ei god barnehagetid. Espira har ein eigen standard for korleis vi skal arbeide med tilvenning av nye barn: [Småspirestandard](#)

### Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørsel og tryggleik til å leike, utforske og lære.

### Korleis

Slik legg vi til rette for ei god tilvenningstid:

- Tilbod om besøk i barnehagen før oppstart
- Foreldresamtaler, kor man saman planleggar tilvenninga
- Tilrettelagde og imøtekommande for individuelle behov
- Være sensitive mot barnets behov og gi barnet den støtta det trenger
- Avklare forventningar



## Samarbeid og samanheng med skulen

### Kva

Gode opplevingar med å vere eldst i barnehagen og møte med nye arbeidsmåtar og få erfaringar tilpassa det dei er opptekne av og interessert i. Barna skal verte kjent med skulen og kva som ventar dei. Mange kallar tilbodet til dei eldste for førskulegruppa, vi kallar det for Skolespira.

### Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon til å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner. Barna skal få verte kjent med kva som skjer i skulen og fritidsordninga.

### Korleis

Slik arbeider vi med skolespira:

Vi deltar i Bjørnafjordens prosjekt «Barnehage+skule=sant».

Målet med dette prosjektet er å sikre barna kontinuitet i den pedagogiske oppfølginga. Alle barnehagane i kommunen har sin eigen samarbeidsskule, og vi i Ulvenvatnet samarbeider med Kuventræ skule. Gjennom barnas siste år i barnehagen har vi ulike treffpunkt med og på skulen. Skulespirene får besøke skulen, SFO, vi har open hall i Os idrettshall saman med 2. og 5.klasse, og vi får besøk i barnehagen av fadrane frå skulen.



## **SKULESPIRENE I ESPIRA ULVENVATNET BARNEHAGE:**

Vi ønskjer å gje borna eit års leikande og lærande oppdagelsesreise; eit fantastisk siste år i barnehagen.

På SkulEspira ønskjer vi å forberede oss på, og å skape interesse for skulen. Vi øver oss på å bli meir sjølvstendige og på å bli gode til å samarbeide.

Gjennom SkulEspira får barna:

- eit alderstilpassa tilbod som gjer dei moglegheit til å tileigna seg kunnskap og ferdigheter som er sosiale, motoriske, faglege, språklege og praktiske, slik at dei får ein trygg plattform og eit godt utgangspunkt for vidare læring.
- Opplevingar som styrkar sjølvfølelsen, reel medverknad i forhald til eigen læring og gode rammar for utvikling av empati, nysgjerrigkeit, skaparglede, mot, sjølvstendigheit og tillit. Eit godt grunnlag for å utvikle et godt sjølvbilete og ein god psykisk helse.

**Espira sitt barnesyn er at:** «Barn er fylt av fantastiske evner og eigenskapar. Dei søker heile tida å skape mening i samhandling med omverden» Barna i våre barnehagar skal oppleve oss som deltar i meiningskapingen i eit trygt, omsorgsfullt og inspirerande miljø.»

Derfor skal vi på SkulEspira jobbe prosjektbasert og ta barns medverknad på alvor. Vi vaksne må lytte, filosofere og undre oss, planleggje, utforske og reflektere saman med borna, da det er borna som skal drive prosjekta framover. Vi legg stor vekt på at sjølve prosessen er viktigare enn resultatet. Det er her den gode læringa skjer.

Vi har ikkje som mål å lære barna å lese og skrive, dette er heller ikkje ønskeleg frå skulen si side, men dette betyr ikkje at vi ikkje skal jobbe med bokstaver, tall, fargar og former, for det skal vi sjølv sagt. Vi skal jobbe med språkleg bevisstheit, koble lyd og bokstav.

Matematikk og språk er overalt i kvardagen. Vi forhold oss til rammeplan for barnehagen og vil og jobbe med materiale frå Bjørnafjorden kommune, som «rek med os(s)» og «lese og skriveglede» som er utvikla for born i barnehagealder. Vi skal også sjå dei borna som interesserer seg ekstra for bokstaver og tall, og sørge for at vi lagar eit mest mogleg individuelt tilpassa opplegg.

Barnehagens fagområde er og noko som skal ligge i botn når vi jobbar med sjølvstendigheit, konsentrasjon, sjølvbilete, sjølvtillit og sosial kompetanse, og når vi skal synge, ha rim og regler, høgtlesing, spele spel, leike, danse og gå på korte og lange turar.

**Hovudfokuset** vårt på Honningkrukken er sosial kompetanse og vi tar utgangspunkt i 5 grunnleggande dimensjoner; Empati, samarbeid, sjølvhevdelse, sjølvkontroll og ansvarlighet.

Praktisk så jobbar vi på Honningkrukken med alle desse elementa gjennom prosjektet «GLEIDING». Gleding handlar om å fokusere på det ein vil ha meir av, og om å skape empatiske mennesker. Vi fokuserar på vennskap, på det å være gode mot kvarandre, vi les gleding bøkar og lyttar på gleding podcast, vi går på gledingturar og har stort fokus på relasjonsarbeid i absolutt alt me gjer.

På våren er det tradisjon at skulespirene deltar på Espira-leikane på Fana stadion. Dette er ein idrettsdag for alle Skulespirene i Bergen og omegn. Det er ein innhaldsrik dag med mange kjekke aktiviteter for store og små. Det heile avsluttast med ein stor slag med medaljeseremoni.

Tradisjonen tru så pleier og Skulespirene våre å overnatte i barnehagen på vårparten.

## Espira sine satsingsområde

### Kva

Espira har tre satsingsområde: Språk, realfag og bevegelse. Desse områda er viktige for barna si heilskaplege utvikling og livslang læring. I Espira skal alle barn møte desse satsingsområda på varierte og spennande måtar.

### Kvifor

Språk, realfag og bevegelse, i kombinasjon med eit sunt kosthald dekker grunnleggande område som er viktig for barna si utvikling her og nå, og i framtida. Kombinasjonen er viktig fordi kropp og hjerne heng saman og påverkar kvarandre gjensidig. Fysisk aktivitet påverkar barna sin trivsel og utvikling positivt. Realfagleg utforsking fremmer nysgjerrigkeit og vitebegjær. Realfaglege samtalar gir viktige språklege erfaringar, og språklege ferdigheter er igjen avgjeraende for leik og læring. Samla gir våre satsingsområde barna verktøy til å forstå seg sjølv og verda, kommunisere og delta – og til å gi kropp og hjerne det dei treng for å spele på lag i leik og læring.

### Korleis

Slik jobbar vi med språk, realfag og bevegelse:

- **Bevegelse:** Kvar dag skal barna møte gode og utfordrande bevegelsesmiljøer der dei kan løpe, krype, balansere, rulle, klatre og hoppe. Vi er ute i all slags vær og bruker nærområdets gode turområde. Rett ved barnehagen ligger en stor idrettsplass som ofte blir brukt. Inne i barnehagen legger vi til rette for utfordrande hinderløyper.
- **Realfag:** Gjennom leikende og undrande tilnærming møter barna matematikk, naturvitenskap og teknologi på deira eigne premissar i barnehagekveldagen. Vi bruker utstyr frå vår egen Forskarfabrikk
- **Språk:** Gjennom måltid, påkledning, samling, lek og aktivitetar badar vi barna i språk. Vi benevner, gjentar, stiller opne spørsmål, leser, synger og undrar oss sammen med barna.

## Lokale satsingar

### Kva

I år vil ordet **undring** stå i fokus og være en rød tråd gjennom alt vårt pedagogiske arbeid. Saman med barna vil vi undre oss gjennom aktivitetar tilpassa barnehagruppe, alder, årstid, interesser m.m.

### Kvifor

Gjennom **undring** saman med barna vil vi gjennom heile året tilpasse Espira sine satsingsområda i forhold til årstid og barns interesser.

Vi har valt dette overordna ordet slik at vi kan være fleksible i forhold til barnas interesser og ønsker for kva kvardagen skal fyllast med.

Vi løser oss ikkje til tema, men ønsker barns medbestemmelse i kvardagen.

For oss er Espira sine satsningsområder viktige element i barnas utvikling.

### Korleis

Slik jobbar vi med lokale satsingar:

Vi er en barnehage med 4 aldersblanda avdelingar og ein rein førskuleavdeling.

Vi tilpassar derfor aktivitetane ut i frå alder og samhold på avdelingane.

- De tilsette skal være tilstände og «pålogget» i møte med barna.
- Stille opne og undrande spørsmål
- Være nysgjerrige saman med barna
- Utfordre barna og dei vaksne, f.eks ta på ei meitemark...
- Ta barnas interesser på alvor
- Bruke nærmiljøet til korte og lange turar

## Vurderingsarbeid

### Kva

Vi skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet handlar om at vi jobbar saman om å forbetre praksisen i barnehagen.

Espira har utvikla sin eigen systematiske vurderingsmetodikk, Espira BLIKK. Vi vurderer årleg kjenneteikna på kvalitet som er skildra under kapittelet “Barnehagen sitt formål og innhald”. Anna kvart år kjem pedagogar frå ein annan Espira barnehage og observerer og vurderer den

pedagogiske praksisen etter dei same kjenneteikna. Vi følgjer opp vurderingane med mål og tiltak for korleis vi skal utvikle kvaliteten på den pedagogiske praksisen vidare.

#### Kvifor

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet bygg på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

#### Korleis

Slik jobbar vi med vurdering:

Kwart år gjennomfører alle tilsette VI, vurdering innanfrå, og anna quart år kommer et vurderingsteam frå ein anna barnehage og gjennomfører VU, vurdering utanfrå.

Resultata frå desse to vurderingane blir analysert. Med dette som grunnlag sett vi oss mål og tiltak for å auke kvaliteten på vår pedagogiske praksis i vår barnehage.

Vurderingane hjelper oss til å sjå barnehagen med «kritiske» øye.

## Kontaktinformasjon

<b>Styrar</b>	Hildegunn Sandmoe Fadnes
<b>E-post</b>	Styrer.ulvenvatnet@espira.no
<b>Telefon</b>	46 74 65 35
<b>Adresse</b>	Industrivegen 111 5210 Os

